

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
091/14	Levekårsutvalet	PS	28.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	14/6952

Leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp til elevar på 4.-7. trinn. Det skal i hovudsak vere pedagogar som er ansvarlege for leksehjelpa. Rektor organiserer tilbodet i samsvar med krava i Opplæringslova med forskrift. Auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innafor ramma til grunnskulen.

Levekårsutvalet - 091/14

LE - behandling:

Kristin Moe orienterte i saka.

Framlegg frå Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf:

Rådmannen sitt framlegg med endring:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp primært til elevar på 5.-7. trinn. I særlege tilhøve kan rektor gjera tilpasningar. Det skal i hovudsak vere pedagogar som er ansvarlege for leksehjelpa. Rektor organiserer tilbodet i samsvar med krava i Opplæringslova med forskrift. Auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innafor ramma til grunnskulen.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart vedteke med leiar si dobbeltrøyst (6 røyster) mot 5 røyster (Ingrid Fjeldsbø-H, May Eva Sandvik-H, Bjørn Brunborg-Ap, Mette Bøe-Ap, Gudmund Husdal-Frp).

LE - vedtak:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp primært til elevar på 5.-7. trinn. I særlege tilhøve kan rektor gjera tilpasningar. Det skal i hovudsak vere pedagogar som er ansvarlege for leksehjelpa. Rektor organiserer tilbodet i samsvar med krava i Opplæringslova med forskrift. Auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innafor ramma til grunnskulen.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal handsamast i Levekårsutvalet, og blir deretter sendt ut på høyring.

Ny handsaming i Levekårsutvalet etter høyringsprosessen.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Med endring i Opplæringslova juni 2010 vart det innført gratis, frivillig leksehjelp til alle elevar på 1.-4. trinn. Knytt til denne lovendringa var det definert 3 individuelle delmål:

- Å gje eleven støtte i læringsarbeidet
- Å gje eleven kjensle av meistring
- Å skape gode rammer for sjølvstendig arbeid

Vidare hadde reforma ei utdanningsmessig, langsiktig og politisk målsetjing:

- Medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa

Ny lovending i opplæringslova §13-7a frå 12.juni-14:

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Tilboden skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønsker å delta.

Forskrift til Opplæringslova:

§ 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen

Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordeler fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast

Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilboden som gis.

Kommunen pliktar å sørge for at elevane har eit godt psykososialt miljø i leksehjelpa som fremjar helse, trivsel og læring. Dersom ein tilsett har kunnskap eller mistanke om at eleven sin rett ikkje blir oppfylt skal den tilsette undersøkje saka, varsle kommunen og om nødvendig og mogleg sjølv gripe inn. Eleven og foreldre kan be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet. Kommunen pliktar snarast mogleg å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom vedtak ikkje er fatta innan rimeleg tid kan eleven og foreldre klage som om vedtak vart fatta.

Kommunen plikter å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga,

kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottek leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.

Tilføyd ved forskrift 30 juni 2010 nr. 1046 (i kraft 1 aug 2010). Endra ved forskrift 13 juni 2014 nr. 890 (i kraft 1 aug 2014).

Statleg evaluering av leksehjelptilbodet 1.-4.trinn

Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), oppretta i 1996 og administrativt lagt under Kunnskapsdepartementet (KD), har evaluert innføring av leksehjelp til elevar på 1.-4.trinn i to omgongar. I denne saka tek ein med nokre funn frå rapport nr. 2, sluttrapport i høve til tidlegare studier om leksehjelp (NOVA Rapport 6/13):

- I overkant av 50 % av elevane på 1.-4.trinn har delteke på leksehjelp sidan reforma vart innført (Tal frå GSI)
 - Mest positive erfaringar frå skular som hadde etablert leksehjelp som del av ei større og breiare satsing
 - Potensiale for vidare bruk størst i høve til elevar med innvandrarbakgrunn
 - Mest positive erfaringar ved bruk av lærarar som leksehjelparar
 - Halvparten av føresette rapporterer at dei sjølv ønskjer å hjelpe elevane med leksene
- Frivillig deltaking når ikkje alltid fram til dei som treng tilbodet mest
- For å motverke at leksehjelpa verker stigmatiserande, må tilbodet utformast på ein måte som inkluderer alle, på same tid som hjelpa må tilpassast elevane sine ulike behov
 - Leksehjelpar bør inneha ein kombinasjon av fagkompetanse, didaktisk/metodisk kompetanse og relasjonskompetanse
 - Leksehjelpa må ikkje «sveve fritt» i høve til resten av opplæringa
Dersom leksehjelpa skal bidra til sosial utjamning, må den rettast mot elevar som har størst behov
 - Arbeidet mot sosiale skilnader i skulen må i første rekke skje innafor rammene for undervisninga i skulen

Målsetjinga med den siste evalueringa har vore å få meir kunnskap om følgjande:

- a. Korleis leksehjelpa er utforma ved skulane
- b. Om leksehjelpa fungerer etter målsetjinga
- c. Kvalitet på planlegging og gjennomføring av leksehjelpa
- d. Om føresette er nøgde med kvalitet og involvering i skulearbeidet
- e. Om effekten på utval av læringsresultat

Resultat av evalueringa:

1. Føresette var delvis kritiske til kvaliteten på tilbodet
 - i. «For store grupper, for lite personale og for lite rom til å fokusere nok på hver elev, vil sannsynlig bidra til at de med størst behov ikke får det de trenger på leksehjelpen, mens de sterkeste greier seg bra uansett»
2. Det var viktig for føresette å sjølv hjelpe borna med leksene
 - ii. «Som foreldre ønsker en å vite hva som foregår på skolen, og ønsker å passe på og følge opp barnas skulearbeid»
3. Har leksehjelp noko for seg for 1.klassingane?
 - iii. «Vurdere om leksehjelp i 1. klasse bør være et tilbud til de som trenger det mest?»
4. Har leksehjelp ført sosial utjamning i skuleprestasjonar?
 - iv. Vanskeleg å konkludere...

- v. Større skilnader ved einskilde skular...
- vi. Krev djupare studier...

Tilrådd bruk av resultata:

- 1.klasse: Tilbod til dei som treng det mest, heller enn universell målsetjing? Tidleg intervensjon viktig...
- Viktig at ein viss del av elevane deltek i tilboden for å nå målsetjinga
- Sikre deltaking på ca 30 %
- Positiv samanheng av funn knytt til at så pass mange flinke elevar deltek
- Hente inn synspunkt frå born og unge sjølv

Innspel frå rektorane i Lindås kommune:

Organisering av leksehjelpa i Lindås kommune har vore arbeidd med i rektorgruppa haust-14. Frå denne gruppa kjem det tydelege ønskje om at dei eldste barneskulelevane blir prioritert (3.-7. eller 5.-7.trinn). Rektorane erfarer at dei eldste elevane har mest behov for leksehjelp. Yngre born får meir hjelp med leksene heime enn eldre born, og nokre føresette ytrar at dei har vanskar med å gje rettleiing og hjelp heime, etter kvart som kompetansekrava aukar når borna vert eldre.

Rektorane er også tydelege på at dei ønskjer at leksehjelpa blir gitt av lærarar. Dette fordi dei faglege krava er høgare når det er eldre born som skal få leksehjelp, samt at tett samanheng mellom den ordinære undervisninga og leksehjelpa er viktig for å få best mogleg utbytte av leksehjelpa.

Vurdering

Tidleg intervensjon og tidleg innsats blir i evaluatingsrapporten frå NOVA framheva som viktige moment i høve til målsetjinga for leksehjelpa. Resultat frå kartleggingsprøvene i Lindås kommune viser at elevar i stor grad oppnår kompetansemåla i faga dei første skuleåra, men etter kvart som dei vert eldre, er det færre elevar som scorer på dei høgste nivåa. Dette kan tolkast på ymse vis. Eitt tolkingsalternativ kan vere at dei fleste elevane har lært det dei skal dei første skuleåra, og at det er når elevane kjem opp på 3.-4. trinn eller høgare, det er størst behov for hjelp med skulearbeidet. Eitt anna tolkingsalternativ kan vere at nokre elevar ikkje får godt nok med seg dei grunnleggjande elementa i faga frå starten av, og at dei difor ikkje har tilfredsstillande kompetanse i høve til ein del av kompetansemåla. Skal Lindås kommune medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa og auka oppleving av meistring, blir det viktig å ta i bruk grep som vi meiner vil medverke positivt i denne retninga.

Skulen er avhengig av at elevane er motiverte for å gjere lekser på leksehjelpa, og at dei vaksne kan konsentrere seg om å hjelpe elevane med arbeidet sitt, heller enn motivasjonsarbeid og grensesetting. Dette for at ein skal kunne nå målsetjinga med tilboden, inkludert det å ha eit godt psykososialt tilbod i leksehjelpa. Slik kan ein skape gode rammer for sjølvstendig arbeid og gje rom for at leksehjelparen kan støtte opp om læringsarbeidet.

Tilbakemelding frå rektor i ein nabokommune tyder på at det er fleire motiverte elevar på leksehjelpa når tilboden blir gitt til dei eldste elevane i barneskulen. Det er litt færre elevar som nyttar seg av tilboden totalt sett, men det vurderer rektor til å ha samanheng med reglane for fråtrekk av timer i SFO. No har dei elevar som er motiverte for å gjere lekser, som er på leksehjelpa. Det er meir ro i gruppa enn tidlegare, og elevane melder om at dei er godt nøgde med tilboden i år.

Om tilboden blir gitt til elevar på 4.-7. trinn er det framleis fire trinn som får tilboden, og ein kan halde fram med tilbod om leksehjelp omlag 2 timer i veka. I fall tilboden blir gitt til fleire trinn, må dei 8 timane i ramma for leksehjelpa fordelast på fleire trinn, eller ein kan utvide tilboden som kommunen

gir. Ved nokre av dei minste skulane kan dette gjerast utan ekstra kostnad, medan dei største skulane vil ha behov for å dele elevane i fleire grupper om elevtalet aukar. Tal grupper ved den einskilde skule vil avhenge av tal elevar som er tilmeldt leksehjelpa. Skulen i nabokommunen som det er vist til tidlegare, har i underkant av 25 % av elevane på 4.-7. trinn tilmeldt leksehjelp.

All den tid elevane ikkje er gitt rett til skyss etter leksehjelpa, vil tal elevar som melder seg på tilbodet, også kunne avhengje av rutetidene for bussane. Om det blir lang tid å vente på bussen etter leksehjelpa, kan det resultere i at færre elevar nyttar seg av tilbodet.

For å sikre elevane best mogleg utbyte av leksehjelpa, må gruppa ikkje vere større enn det som er pedagogisk og fagleg forsvarleg. Det er fleire faktorar som vil spele inn her, mellom anna alder, modning og behova til den einskilde elev.

Så lenge det skal gjevast avslag for timar i SFO for elevar som nyttar seg av leksehjelpa, kan det resultere i at føresette melder borna sine på leksehjelpa for å få reduserte kostnader til SFO. Om tilbodet blir gitt til eldre elevar, vil denne faktoren spele ei mindre rolle. I fall tilbodet blir gitt til 5.-7. trinn er denne faktoren ikkje lenger gjeldande.

I fall tilbodet blir gitt til same tal trinn som i dag, og det er assistenter som utfører leksehjelpa, vil ikkje dette utløyse ekstra kostnader for kommunen. Om ein tek omsyn til faktoren kring redusert foreldrebetaling i SFO samt utfordringar knytt til skyss, kan ein vente ein reduksjon i tal elevar på leksehjelpa om ein gir tilbodet til dei eldste elevane i barneskulen.

Dersom tilbodet blir gitt av pedagogar, og det blir tettare band mellom den ordinære undervisninga og leksehjelpa, kan ein vente seg at fleire elevar vil delta. Dette vil vere i samsvar med funn presentert i evaluatingsrapporten (NOVA Rapport 6/13). I så fall kan ein kanskje anslå at inntil 40-50 % av elevane vil nytte seg av tilbodet. Dette vil medføre auke i kommunen sine kostnader knytt til leksehjelp.

Vurderingane illustrerer at det er mange faktorar som kan verke inn både i høve til tal deltagande elevar og den einskilde elev sitt utbyte av leksehjelpa. Det er opp til kommunen å fastsetje rammer for leksehjelpa.

Finansiering:

Det å bruke pedagogar i leksehjelpa, om ein held fram med same tal grupper som i dag, og ein definerer leksehjelp som **anna enn undervisning**, vil utgjere ein auka kostnad pr. år på kr. 5.300 pr. time i leksehjelpa.

Lindås kommune sine kostnader knytt til leksehjelp vil avhengje av tal elevar som nyttar tilbodet samt om det er assistenter eller pedagogar som er ansvarlege for tilbodet. I dag gir Lindås kommune leksehjelp for 1.-4. trinn (nokre skular 2.-4.trinn) og det er assistenter som er utfører leksehjelpa. Tal timar kvar veke som blir brukt til leksehjelp er knytt til kor mange grupper elevane er delt i. Lindås kommune har i dag mellom ei til fire grupper til leksehjelp ved dei ulike barneskulane.

Om ein i tillegg legg til grunn at 40-50 % av elevane på 4.-7. trinn vil nytte seg av tilbodet, med ein storleik på gruppene på inntil 20 elevar, vil ein ha behov for å etablere omlag 21 grupper med leksehjelp ved skulane i Lindås kommune.

Dette er omlag same tal grupper som i dag, og vil utgjere ein kostnad på omlag kr. 120.000 pr. år.
Ved å etablere fleire tal grupper, vil kostnaden auke med omlag kr. 10.600 pr. gruppe.